



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Sykkylven vidaregåande skule

Årsmelding skoleåret 2022-23



Innholdsliste

1. Rektor har ordet	2
2. Nøkkelopplysningar om skolen	3
2.1 Organisasjonen	3
2.2 Utdanningsprogram og elevtal	3
2.3 Inntak vg1 - føresetnader	4
3. Læringsmiljø	6
3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga	6
3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet	7
3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad	7
4. Skoleårsresultat	12
4.1 Fullført og bestått - skoleårsgjennomføring	12
4.2 Karaktersnitt	13
4.3 Fråvær	15
4.4 Elevar som har slutta	16
4.5 Overgangar	17
5. Leiing og profesjonsutvikling	18

1. Rektor har ordet

Sykkylven vidaregåande skule er ein kombinert skule, og har utdanningsprogram for Studiespesialisering, Helse og oppvekst, Teknologi og industrifag, Elektro og datateknologi samt Påbygging til generell studiekompetanse.

Vi er svært stolte over resultatet i Elevundersøkelsen dette skuleåret, der vi er ein av skulane i fylket med best resultat. I tillegg er vi stolte over at utdanningsprogrammet Helse og oppvekst fekk ei fullført og bestått på 97,5%.

Sykkylven vgs har i 2022-2023 deltatt i forskningsprosjektet INTERACT i samarbeid med Universitet i Stavanger som ein av fleire vidaregåande skular i Møre og Romsdal fylke og i Rogaland fylke. Prosjektet er finansiert av Forskningsrådet. Lærarane som deltek gir uttrykk for at prosjektet er meningsfullt og lærerikt, og har påverka deira praksis positivt.

Innan Teknologi- og industrifag har vi utvida maskinparken med utstyr som CNC laser-skjærer og graveringsmaskin som kan skjere plast, tre, skinn, stoff, plexi, lexan, papp osv. Maskina vil styrke elevane si forståing av programmering og bruk av CNC-maskiner. Den vil spesielt styrke moglegheitene innanfor UB og entreprenørskap, noko som forsterkar samarbeidet mellom skulen og industrien, og ikkje minst aukar kompetansen til elevane våre på dette området. Skulen kan skilte med to 2. plassar på Fylkesmessa for ungdomsbedrifter med Beste samarbeid med næringslivet og Beste standopplevelse med Under Kaffekoppen UB.

I samband med at det vart arrangert Teknologifestival i regi av industrien i Sykkylven i mai, var våre elevar involvert både ved at dei tok imot elevar frå Stranda ungdomsskule i tillegg til at dei var aktivt deltakande som ein del av programmet.

Dette skuleåret deltok 1/3 av elevane i sju ulike internasjonale prosjekt. Den årlege internasjonale veka vart gjennomført i mars 2023 med besøk frå alle samarbeidslanda.

2. Nøkkelopplysningar om skolen


2.1 Organisasjonen

Tal på årsverk pedagogisk tilsette	32
Tal på årsverk i leiarstillingar	3,35
Tal på årsverk andre tilsette	9

Rektor, assisterande rektor og tre avdelingsleiarar utgjer leiinga ved skulen. Assisterande rektor har ein stab på 3 merkantile. Avdelingsleiar for studiespesialisering har personalansvar for 12 lærarar, avdelingsleiar for Teknologi og industrifag og Elektrofag har 7 lærarar. Avdelingsleiar for tilrettelagt samt Helse- og oppvekst har 9 lærarar og 9 fagarbeidarar. Totalt er det 45 medarbeidarar ved skulen.

Skulen har ei 20 % stilling som superbrukar samt to lærlingar for IKT-servicefag. Her er to rådgjevarar – ein rådgjevar for yrke og karriere, og ein sosialrådgjevar.

Det pedagogiske personalet utgjer 12 lektorar, 9 adjunktar, 7 lærarar i tillegg til 5 skuleleiarar. I det samla personalet ved skulen er det ca. 55% kvinner og 45% menn.



Figur 1. Organisasjonskart for Sykkylven vgs.

2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Elektro og datateknologi	12	12	7	31
Helse og oppvekstfag	30	10		40
Teknologi og industrifag	24	12		36
Studiespesialisering	32	18	36	86
Påbygging til generell studiekompetanse			25	25
Total	98	52	68	218

Tal på elever med vedtak om særskilt språkopplæring	3
---	---

Det er generelt god søking til skulen, med om lag like mange søkjarar til yrkesfag som til studieførebuande utdanningsprogram. Spesielt godt søkt var vg1 Helse og oppvekst med 2 klasser mot normalt 1 klasse. Lærarane fekk ei ekstra utfordring med ei storklasse i vg1 studiespesialisering med 32 elever mot normalt 28 elever. Det kravde ei anna pedagogisk tilrettelegging i undervisninga med utforsking av ulike metodar.

2.3 Inntak vg1 – føresetnader

2.3.1 Karakterpoengsum frå grunnskolen

	2021-22	2022-23	Fylket 2022-23
0 eller ingen	6%	6,4%	2,9%
0 - 25	2,3%	1,8%	1,3%
25 - 30	5,6%	2,8%	3,8%
30 - 35	11,6%	6%	9,6%
35 - 40	19,5%	20,6%	15,2%
40 - 45	25,6%	27,1%	22,4%
45 - 50	16,3%	20,2%	23,3%
Over 50	13%	15,1%	21,4%

2.3.2 Karakterpoengsum frå grunnskolen siste fem år

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Sykkylven vidaregåande skule	39,1	40	41,1	41	42,4
Fylket	41,5	41,8	42,4	42,9	43,3

2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Elevgrunlaget speglar nærskuleprinsippet, ettersom dei fleste er rekruttert frå Sykkylven ungdomsskule. Samstundes tiltrekkjer vi ein del elevar til vgl Teknologi og industrifag og vgl Elektro og datateknologi frå Stranda, noko som er svært positivt for elevsamansettinga og dynamikken i klassene.

Dei 5 siste åra viser at karakterpoenga for grunnskuleelevane er aukande. Det har vore pandemi i tre av dei siste 5 åra, og SSB (www.forsking.no 25.aug 2021) meldar om at dei svakaste elevane har gjort det betre gjennom pandemien. Kanskje kan det forklare den aukande trenden.

Karakterpoeng frå grunnskulen er den viktigaste enkeltfaktoren som kan predikere om elevar vil fullføre vidaregåande opplæring. Sykkylven vgs har litt fleire elevar med karakterpoeng under 30 grunnskulepoeng samanlikna med fylket.

3. Læringsmiljø

[Sjå resultat frå Elevundersøkinga her.](#)

3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga

Læringsmiljø per skule – endring frå fjoråret

Elevane ved Sykkylven vgs svarar generelt særst positivt på Elevundersøkingen. Tilbakemeldingane er at dei trivast og er godt nøgde med lærarane og med læringsmiljøet.

Vg1-elevane opplever Trivsel og Fagleg utfordring som beste resultat, medan vg2-elevane framhevar Felles reglar og Trivsel.

Vg3-elevane opplever Fagleg utfordring, Felles reglar og Trivsel som beste resultat.

Samanliknar ein resultatet for vg1-elevane med skuleåret 2021-2022, ser vi ingen signifikante avvik.

Elevane frå vg2 svarar signifikant høgare i 5 av 10 indikatorar, noko som impliserer at dei har eit spesielt godt læringsmiljø.

Medan elevane frå vg3 svarar signifikant lågare i 2 av 10 indikatorar. På tross av dette viser det samla resultatet at elevane opplever det beste læringsmiljøet for vg3-elevar i Møre og Romsdal.

Læringsmiljø alle skular

Vi er sjølvsagt svært stolte av det gode resultatet i Elevundersøkingen for Sykkylven vgs. Det ligg eit systematisk arbeid bak med fleire tiltak der VIP-makkerskap, arbeid i Skulemiljøutvalet og Elevråd saman med læraren sitt arbeid med eit trygt og godt skulemiljø som dei viktigaste tiltaka.

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-4 i opplæringslova	7
Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-5 i opplæringslova	2
Tal på enkeltvedtak etter § 9A-7 i opplæringslova	0

Det er nulltoleranse for mobbing, og skulen er raskt på ballen ved mistanke om at ein elev ikkje har eit trygt og godt læringsmiljø. Systematisk oppfølging med samtalar og involvering av SIM (skulen sitt innsatsteam mot mobbing) sikrar eit godt læringsmiljø. VIP-makkerskap er det tiltaket som har størst betydning for opplevinga av eit trygt og godt miljø i klasserommet. Denne måten å organisere opplæringa på skaper gode relasjonar mellom elevane og medfører at alle elevane blir kjent med kvarandre i klassa. Tiltaket innførte vi 2017.

Vi er opptatt av elevstemma og har utarbeidd ei rutine for elevar som ønskjer å bidra til å forbetre opplæringa. Ved å løyse saka på lågaste nivå, ansvarleggjer dette både lærar og elev, og ikkje minst kan vi løyse utfordringar raskt.

I tillegg til VIP- makkerskap i alle fag i alle klasser gjennom heile skuleåret, har vi 10 timars kurs i fag for elevar som treng litt ekstra hjelp.

Skulemiljøutvalet og Elevrådet gjennomfører mange aktivitetar som aukar trivsel og skaper gode relasjonar mellom elev-elev og elev og tilsette.

HUSET* er ein alternativ opplæringsarena som er god og trygg, kor det er lett å sjå den einskilde og skape ekstra trygge rammer.

HUSET er eit koseleg lite hus i Sykkylven sentrum som opphavelig var ein sykkelverkstad og butikk. I fyrste etasje har vi innreidd ein liten butikk og kafè der vi sel produkt som ungdomsbedrifter ved skulen har laga. Vi har ope i skuletida, og det er elevar som står bak disken og serverer dagens lunsj. I andre etasje har vi eit møterom, prosjektor og mange ekstra bord. Her kan elevar og andre samlast på kveldstid.*

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad

	Tal
Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	16
Møter i skolemiljøutval	9
Møter i skoleutval	3

	Ja/nei
Er skolemiljøutval og skoleutval slått saman?	Nei

Sykkylven vgs har stort fokus på elevdemokrati og elevmedverknad med mange møtepunkt gjennom skuleåret. Eit godt elevdemokrati og høg elevmedverknad gir mange positive effektar for elevane som høg trivsel, godt læringsmiljø, lite mobbing, høg motivasjon og ikkje minst god fagleg utvikling.

I 2022–2023 fekk ikkje skulen tilgong på data på klassenivå og hadde dermed dårlegare føresetnad for å følgje opp avvik i den enkelte klasse. Den manglande målrettinga av arbeidet gjorde at skulen famla meir i blinde om kor ein burde sette inn tiltak for læringsmiljøet.


Samla sett kan skulen vise til gode resultat for Elevmedverknad og elevdemokrati i Elevundersøkelsen.

Undervisningsevalueringa

I undervisningsevalueringa svarar elevane om ein konkret lærar i eitt fag. Resultata er såleis meir valide enn Elevundersøkelsen. Elevane gir tilbakemelding på ein skala frå 1 til 5, der 5 er beste oppleving. Samla sett ser ein at elevane gir lærarane gode skussmål. Sjølv dei 5 lågaste resultata ligg tett under 4.

Beste resultat er at *Læraren møter elevene med respekt og omtanke*, medan det er behov for å arbeide meir med at elevane opplever *Jeg får hjelp av læreren til å reflektere om hvordan jeg lærer best i faget*.

Den daglege dialogen mellom elev og lærar i klasserommet om refleksjon om eiga læring og eigen læringsstrategi, er løfta fram som eit satsingsområde for dei komande skuleåra då dette vil fremme læring.



Figur 2: Fem spørsmål frå Undervisningsevalueringa som fekk høgast og lavast resultat. Grønt med høgast resultat og raudt med lavast resultat.

Skulemiljøutvalet

Skulemiljøutvalet (SMU) har dette skuleåret hatt fem elevrepresentantar og tre frå dei tilsette/skuleleiing. Dei hadde faste møte ein gong i månaden, i tillegg til arbeidsmøte for å organisere aktivitetar. To elevrepresentantar deltok og i vernerundar.

Elevundersøkinga viser at vi har svært høg grad av trivsel ved skulen vår. Det vert gjort mykje av mange, for å trygge elevane, skape gode relasjonar og auke trivsel. Ein part i dette arbeidet er Skulemiljøutvalet. SMU gjennomførte omlag *ein* aktivitet for heile elevgruppa pr måned. Til dømes er det tradisjon for Stein-saks-papir-turnering, Påskequiz, Påskeeggjakt, kåring av beste julepynta klasserom og Mot-til-å-glede-dag. I tillegg deltok SMU i arrangementet for siste skuledag før jul, volleyballturnering, internasjonal buffet og Bezzerwizzer-turnering. SMU var og pådrivar for skidag for heile skulen og utandørs ryddeaksjon.

Sykkylen IL (SIL) har starta eit ungdomstilbod kalla HØBBEN, og i samarbeid med SMU vart det arrangert eigne kveldar for vgs-elevar. Dessverre vart det dårleg oppmøte, men vi held kontakta med SIL og kanskje kan vi få det til å fungere med nokre tilpassingar. SMU er godt kjend i elevgruppa, og det er alltid ei lett sak å rekruttere elevar til å gjere ein innsats for skulemiljøet.

Elevrådsstyret

Eit elevråd er eit råd av elevar som skal fremje elevane sine fellesinteresser og arbeide for eit godt skule- og læringsmiljø. For å bygge eit godt lag i Elevrådet og SMU starta ein arbeidet med ei overnatting på Fjellsetra ungdomssenter, der dei hadde ulike bli-kjent-aktivitetar og la planar for det komande året.

Av sosiale tiltak for skulen vart det gjennomført ei Halloween-markering samt volleyballturnering saman med SMU. Også ei Slushmaskin vart kjøpt inn til kantina.

Av saker er kanskje Operasjon Vest-Sahara det viktigaste prosjektet for Elevrådet. Elevane jobbar ein dag til inntekt for flyktningane frå Vest Sahara i Algerie. Dei siste åra har representantar frå dei tilsette og representantar frå elevane reist til flyktningleirane for å overrekke midlar og gåver, samt samle inn informasjon om kva dei treng vidare.

I samband med Operasjon Vest-Sahara arrangerte Elevrådet ein stor buffè i kantina for elevar og tilsette, der inntekta gjekk til prosjektet. Det vart ei fin oppleving med mat frå ulike kulturar.

I tillegg til å uttale seg om ny timeplan frå 2022-2023, fekk Elevrådet også uttale seg i saka om ein ny aktivitetspark utanfor skulen.

Det vart arrangert ein plakat-aksjon «Rydd opp etter deg» som bidrog til at det vart meir ryddig på skulen og det auka trivselen. Det vart også arrangert eit kurs i personleg økonomi i regi Nordea for alle elevane på skulen, og det vart særst vellukka.

Vidare har elevrådet arbeidd fram ein skulegensar, og den skal vere mogleg å kjøpe frå skulestart 2022-2023.

Skuleutval

Tre gongar i skuleåret møtast representantar frå elevråd, føresette, næringsliv og ordførar til møte med rektor og representant frå Skulemiljøutvalet.

Faste saker er orientering om resultat frå Elevundersøkelsen og gjennomgong av årsmelding samt evaluering om skuletilbodet. Det er eit gjennomgåande fokus på om opplæringstilbodet er i tråd med det kommunen og bedriftene treng.

Representanten frå næringsliv representerer Sykkylven Industri- og Næringslag (SINL), og fortel om samarbeidet med skulen. Generelt får skulen gode skussmål frå bedriftene om korleis vi følgjer opp elevane i opplæring i bedrift samt om sjøve samarbeidet. Vi har vår eigen næringslivs koordinator som følgjer tett opp.

Ordførar held ei orientering om korleis samhandlinga har vore siste år, og kva tiltak kommunen har sett inn for ungdom i kommunen. Representantar frå Elevrådet får gje sine tilbakemeldingar på kva dei synes er bra og kva dei skulle ønske ordføraren følgde opp vidare.

Representantar frå føresette får gje si evaluering av korleis dei opplever arbeidet ved skulen. Skulen får tilbakemelding om at vi er spesielt dyktige til å følgje opp den enkelte elev samt skape samlande aktivitetar.

4. Skoleårsresultat

4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring

4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2022-23, prosent	86,7%
--	-------

4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Elektro og datateknologi	91,7	83,3	100	90,3
Helse og oppvekstfag	96,7	100		97,5
Teknologi og industrifag	83,3	91,7		86,1
Studiespesialisering	78,1	83,3	86,1	82,6
Påbygging til generell studiekompetanse			80	80
Total				86,7

4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Sykkylven vidaregåande skule	88,2%	91,5%	93,8%	90,7%	86,7%
Fylket	87,9%	91,2%	91,4%	89,6%	87,9%

4.1.4 Skolen sine kommentarar og analyse

Det er store avvik mellom utdanningsprogramma. Elevar med svake karakterar frå grunnskulen har større sannsyn for å ikkje fullføre og bestå vidaregåande opplæring enn elevar med gode karakterar, og vanlegvis gjeld dette spesielt for elevar som veljar yrkesfaglege utdanningsprogram. Inneverande skuleår er eit unntak der vi ser at dei

yrkesfaglege utdanningsprogramma har høgast fullført og bestått. Spesielt høg fullført og bestått ser vi for utdanningsprogrammet Helse og oppvekst med 97,5 %.

Sist skuleår fekk vi opp eit ganske stort tal på elevar som hadde vore på Uteskulen på ungdomsskulen og som mangla vurdering i mange fag. Når desse elevane kom over i vidaregåande skule klarte dei å få vurdering med karakter i fleire fag. Vi hadde også elevar på vg1 og vg2 som såg at dei hadde behov for å bruke lengre tid på å bli ferdig med alle fag. Dette er elevar som ønskjer å meistre dei praktiske ferdigheitene på verkstaden og som difor søkte om vg1 eller vg2 over 2 år.

Resultata frå Studiespesialisering er lågare enn tidlegare år og skuldast fleire forhold.

Mellom anna er det fleire elevar på vg1 som ikkje fullførte skuleåret grunna sjukdom, elevar som tek vg1 over 2 år og både omval og feilval. Eksamen på vg3 var også ei utfordring med litt fleire stryk mot normalt. Elevane har ikkje hatt eksamen på 3 år, og det var nye eksamensformer. Samla sett fekk vi eit lågare resultat enn normalt på Studiespesialisering.

4.2 Karaktersnitt

4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
Elektro og datateknologi	3,67
Helse og oppvekstfag	4,66
Teknologi og industrifag	3,88
Studiespesialisering	4,45
Påbygging til generell studiekompetanse	3,92

4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Sykkylven vidaregåande skule	4,03	4,17	4,16	4,15	4,23
Fylket	4,10	4,22	4,26	4,24	4,20

4.2.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Elevane ved utdanningsprogrammet Helse og oppvekst hadde dei beste forutsetningane for å fullføre og bestå, og fekk nettopp høgste tal på elevar med fullført og bestått.

Deretter har elevar frå utdanningsprogrammet Studiespesialisering best forutsetningar, men fekk ei lav fullføring og bestått i forhold til det som er forventa. Vi ser også at karaktersnittet i 2022-2023 er det høgste siste 5 år, og ein skulle såleis forvente ei betre fullføring og bestått.

Dei lågaste forutsetningane har ein på utdanningsprogrammet Elektro og datateknologi, men på tross av dette fekk dei ei fullføring og bestått på 86,1%.

Målet for fullført og bestått for Påbygging til generell studiekompetanse vart nådd for skuleåret, med eit resultat på 80%. Det er marginalt betre enn fylkessnittet.

4.3 Fråvær

4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timar. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timar	Totalfråvær, prosent
Totalt			4,9
Vg1	5,9	21,8	5,4
Vg2	3,3	12,8	3,2
Vg3	6,2	17,9	5,4

4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Sykkylven vidaregåande skule	5,2%	3,6%	3,8%	3,1%	4,9%
Fylket	4,8%	3,5%	2,5%	2,7%	6,6%

4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Fråversgrensa i vidaregåande skule fungerer slik at dersom ein elev har meir enn 10% udokumentert fråver i eit fag, får ikkje eleven karakter i faget. Denne forskrifta bidreg til at fråveret blir mindre og er det enkelttiltaket i vgs som faktisk fungerer for å få ned fråveret. På tross av fråversgrensa hadde skulen noko fleire elevar som ikkje fekk karakter grunna høgt fråver.

Vg2-elevane ved Sykkylven vgs har det lågaste totalfråveret med 3,2%.

4.4 Elevar som har slutta

4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2022-23

Prosent	Tal
1,8%	4

4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Sykkylven vidaregåande skule	3,9	3,3	3,1	3,7	1,8
Fylket	3,0%	2,7%	2,2%	3,1%	3,1%

4.4.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Det er generelt særst få elevar ved Sykkylven vgs som sluttar ved skulen, og resultatane for 2022-2023 har færrest elevar som slutta samanlikna med dei siste 5 åra.

Tett oppfølging og skreddarsydd tilpassingar bidreg til at elevane klarer å fullføre skuleåret. Den enkelte lærar strekk seg langt i forhold til å tilpasse skulekvardagen for den enkelte elev. Rask involvering av føresette er også av betydning.

Årsakane til at elevar sluttar utdanninga si kan vere mange: Feilval, mangel på læreplass, større krav til teori og helseutfordringar for å nemne nokre.

4.5 Overgangar

Det er eit tett samarbeid og faste møtepunkt mellom Sykkylven vgs og Sykkylven ungdomskule om elevar frå 10.trinn. Sosialrådgjevar gjennomfører møte med ungdomskulen for å identifisere elevar som er i risikogrupper for fråfall (mindre enn 30 grunnskulepoeng), og for å legge til rette for ei opplæring i vgs som kan auke sannsynet for fullført og bestått. Ein tek utgangspunkt i interessene til elevane og realitetsorienterar spesielt for yrkesfaga i forhold til krav som stillast frå næringslivet for å få læreplass. Elevar med behov kan få møte før første skuledag for å møte faglærarar og kontaktlærar, alt for å trygge elevane frå første skuledag i vgs. Elevane frå ungdomsskulen har vore med på hospitering, men for ein skilde er ikkje dette nok, og da får dei kome ekstra på besøk for å vere meir med inn i klasse og kanskje i større grad sjå korleis kvardagen er på skulen.

Vidare har vi eit fagleg samarbeid i fellesfag for at elevane skal få ein gode fagleg overgong frå 10.trinn til vg1. Det er gjennomført fagmøte i fellesfaga og felles kursing. Skulen samarbeider også med ungdomsskulen i SkulenNÆR, eit samarbeidsorgan mellom skule og næringsliv. Utover dette er der fag- og utviklingssamarbeid mellom skulane gjennom den lokale utdannings- og yrkesmessa.

Det lokale opplæringskontoret OMTM er med på å arrangere Industriturné for elevane våre i vg2 Industriteknologi, vg2 automasjon og vg3 automatiseringsfaget. Elevane får besøke utvalde bedrifter i løpet av ein dag. Industriturnéen styrker forståinga til elevane våre om mangfaldet av bedrifter dei har rundt seg, både i Sykkylven og i Stranda kommune. Tett kontakt med Opplæring i bedrift er óg eit viktig ledd i overgangen mellom skule og arbeidsliv og har styrka arbeidet med og fokuset skulen har på YFF.

Læreplassgarantien for elevar frå vg2 Industriteknologi og vg3 Automatiseringsfaget er revidert dette skuleåret. Elevane er garantert ein læreplass i ei av medlemsbedriftene i Sykkylven Industri- og Næringslag (SINL), så sant dei oppfyller visse vilkår.

5. Leiing og profesjonsutvikling

I tillegg til faste møteplassar i skulekvardagen med personalmøte, trinnmøte og kontaktlærarmøte er lærarane organiserte i Team der dei sjølve finn sine samarbeidspartnarar gjennom skuleåret. Dette er ei ordning som er basert på høg tillit mellom leiargruppa og den enkelte lærar. Det er definerte satsingsområde som gir føring for arbeidet i Teama. Resultat frå Team-arbeid vart mellom anna presentert i Skuleleiarsamlinga i Geiranger hausten 2022, representert av tre lærarar, og der vurdering som integrert del av opplæringa stod i fokus. Dette er ei organisering som vi forlenger skuleåret 2023–2024.

Profesjonsutvikling

Sykkylven vgs og Stranda vgs gjennomførte to samlingar i 2022–2023. Ein felles planleggingsdag i august med tema Samarbeidslæring i regi Beathe Liebech-Lien og ein planleggingsdag i januar. Tema var vurderingspraksis med spesiell vekt på vurdering som integrert del av opplæringa og bidrag til lærelyst. Erfaringsdeling i grupper etterfølgd av samarbeid i faggrupper. Fokus var også på korleis vi kan samarbeide komande halvår om vurdering eller anna tema.

Sykkylven vgs og Sykkylven ungdomsskule gjennomførte i september kurs om korleis vurdere utan prøver i regi Nils Håkon Nordberg. Dette var eit viktig bidrag inn mot vurdering som integrert del av opplæringa.

I tillegg gjennomførte personalet kurs i vurderingsformer og fagspesifikke kurs den dagen elevane var engasjerte i Operasjon Vest Sahara (Operasjon Dagsverk).

Nest siste skuledag vart det tid for introduksjon av Læringskaka av Tuva Bjørkvold (OsloMet). Eit verktøy for å gje elevane reell elevmedverknad i skulekvardagen.

Dimensjonar som læringsprosess og demokratiforståing impliserte trykk på ulike formar for organisering, innhaldet i opplæringa, korleis elevane skal presentere produktet sitt, ulike formar for vurdering og ikkje minst ulike metodar nytta i undervisninga.

Internasjonalisering som profesjonsutvikling

Internasjonalisering er ei satsing i fylkeskommunen, og Sykkylven vgs har tatt dette på alvor sidan 1996. Arbeid med internasjonalisering gir eit kompetanseløft for involverte lærarar og leiargruppa. Heile 1/3 del av elevane deltek i ulike prosjekt. Lærarane får erfaring med planlegging, gjennomføring og evaluering, og ikkje minst erfaring med samhandling og kommunikasjon på tvers av ulike kulturar og språk.

Våre internasjonale prosjekt omfattar:

- Auschwitz, Birkenau og Krakow, Polen
- Flyktingleirane utanfor Tindouf, Algerie.
- Utvekslingsprogram med Waregem, Belgia. Erasmus+ mobility prosjekt med bærekraftig utvikling som tema.
- Utvekslingsprogram med Pamplona, Spania. Erasmus+ mobility prosjekt med bærekraftig utvikling som tema.
- Utvekslingsprogram med Liberec, Tsjekkia. Eit Erasmus+ VET Short-Mobility prosjekt (14 dagar), der fokus er på CNC, praksis, arbeidsforhold og fabrikkbesøk. Ved gjenbesøk gjekk dei saman med våre elevar og utvida utearealet vårt med sitjeplassar og blomekasser, til glede for heile skulen.
- Ekskursjon til Pamplona, Spania. Eit Erasmus+ VET Short-Mobility prosjekt (14 dagar), der fokus er praksis i barnehage i utland, arbeidsforhold i utland, kurs og besøk på sjukehus i Spania.
- Ekskursjon til Barcelona og San Sebastián. Eit Erasmus+ Short-Mobility prosjekt (14 dagar) som inkluderer kurs i OMRON Barcelona senter, besøk til Mercedes Benz fabrikk og automasjonssenter i San Sebastián. Kombinasjon av kurs, praksis og faglige besøk.
- Elevar som tek programfag Spansk III eller programfag Tysk III, reiste til Alicante og Berlin.

I tillegg til dei internasjonale prosjekta, gjennomfører skulen kvart år ei internasjonal veke i mars. Elever og lærer frå alle samarbeidspartnarane i Europa besøker oss denne veka. Tema i 2022-2023 var Berekraftig utvikling med fokus på klesindustri.

Kompetansehevingsmidlar

Samarbeidslæring i regi Beathe Liebech-Lien

Vurdering utan prøver i regi Nils Håkon Nordberg

FSE Industri - lavspenning med førstehjelp

PROG Retrain KSS 8 RETRAIN – robotprogrammering

ChatGPT og kunstig intelligens i skolen: Muligheter og utfordringer i regi KS Agenda

Kaupang utvikling

Digital konferansedeltakelse - Utfordrende atferd i Skolen i regi Fagfokus

LLB – Miljøvennlig garderobe og sirkulært samfunn i regi Lisbeth Løvbak Berg

Webinar - tiltak mot vold og aggresjon i skolen i regi Fagfokus

Samling i regi skuleeigar: Merkantilsamling, Karriererettleiingskonferanse 2023,

Organisasjonskonferanse, Eksamenssamling, Skuleleiarsamling

Nettverksmøter

Kompetanse for Kvalitet

1 lærar master i engelsk, Høgskulen i Østfold - vikarordning

1 lærar Programmering 8.-13.trinn, NTNU - stipendordning



Møre og Romsdal
fylkeskommune

mrfylke.no